



Surnadal kommune

Planprogram

Kommunedelplan for naturmangfold

Vedtatt versjon januar 2022



1. Innleiing

Naturen er eit avgjerande grunnlag for menneskeleg eksistens, og ved å oppretthalde artsmangfald og fungerande økosystem får vi ein robust natur. Naturen gir oss økosystemtjenester som mellom anna mat, trevirke, medisin, reint vatn, rein luft, nedbrytning av avfall, pollinering og område for rekreasjon, men den har også ein eigenverdi. Naturen er i tillegg viktig i eit folkehelseperspektiv. Tapet av naturmangfald er aukande både i Norge og i resten av verda, og fleire artar er trua av utrydding no enn på noko anna tidspunkt i historia. Nedbygging av areal er den viktigaste årsaka. Bærekraftig bruk og forvaltning av natur er avgjerande for å stanse denne utviklinga.

Norge har gjennom FNs konvensjon for biologisk mangfald forplikta seg til å stanse tapet av naturmangfald. Som oppfølging av konvensjonen la regjeringa fram Naturmangfoldmeldingen (Meld. St. 14 (2015-16) Natur for livet), kor det blir slått fast at «ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær tru artar og naturtypar skal betrast». Tap av natur på grunn av menneskeleg aktivitet truar ikkje berre mangfaldet av artar, men også naturen sin evne til å levere økosystemtjenester som vi alle er avhengige av. Kommunane har gjennom plan- og bygningslova eit stort ansvar for arealforvaltning i Norge, og dermed også eit særleg ansvar for ivaretaking av natur og naturtypar.


Med bakgrunn i den viktige rolla kommunane har for avgjerder i arealplanlegginga oppfordrar statlege miljøstyresmakter kommunane til å utarbeide kommunedelplanar for naturmangfold for å styrke innsatsen på dette området. Eit einstemmig kommunestyre i Surnadal gikk inn for dette i desember 2020.

Miljødirektoratet har no gitt Surnadal kommune eit tilskot på 125.000 kr til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfold. Tilskuddet skal gå til «å utarbeide ein eigen kommunedelplan for naturmangfold som verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablere ei lokal forankring og medvirkning i utvelginga av viktige naturområde i kommunen. Plana skal være utforma som ei tematisk kommunedelplan». Det er forutsett at planen skal vedtakast i løpet av 2022.

1. Mål og rammer

2.1 Hovudmål med planen

Hovedmålsettinga med plana vil være å sikre at naturmangfoldet i Surnadal blir ivarettatt i planperioden, og at tapet av naturmangfald stansar. Kommunen skal ha ei kunnskapsbasert forvaltning som grunnlag for beslutningar og målretta tiltak. Vi ønsker først og framst å unngå negativ påverknad, deretter restaurere, så avbøte og i siste instans kompensere (sjå figur).



Figur frå Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet. Figuren illustrerer at størst gevinst blir oppnådd ved å unngå eller avgrense, deretter avbøte eller kompensere som siste utveg.

Forvaltningsmål

- Ta vare på trua og sårbare artar og naturområde.
- Sikre god vannkvalitet og økologisk tilstand i elver, bekker, vatn og kystvann.
- Ivareta kulturlandskap med rikt naturmangfald.
- Ta vare på naturtypar som er særleg viktige for karbonbinding og kan redusere negativ effekt av klimaendringar.
- Bekjempe og hindre spreiding av uønska framande artar.
- Legge til rette for bærekraftig bruk av natur gjennom høsting, rekreasjon og oppleving.
- Arbeide for godt jordliv i dyrkajord.

Plana skal utdjupe måla i kommuneplanens samfunnsdel og gi viktige innspel til neste rullering av kommuneplanens arealdel.

Det skal utarbeidast årlege handlingsplaner og utførte tiltak skal rapporterast i kommunens årsmelding.



2.2 Internasjonale, nasjonale og lokale føringar

Biomangfoldkonvensjonen

Å stanse tap av naturmangfold innan 2020 var eit felles, internasjonalt mål som Norge forplikta seg til gjennom [konvensjonen om biologisk mangfold \(CBD\)](#). Disse internasjonale måla, dei såkalte [Aichi-måla](#), er implementert i Norges nasjonale mål. Dei internasjonale måla vart revidert hausten 2020. Desse vil påverke dei nasjonale måla og forvaltninga av naturmiljøet i Surnadal.

FNs naturpanel

[FNs naturpanel \(IPBES\)](#) konkluderte i sin hovudrapport frå 2019 med at det ikkje vil bli muleg å nå dei internasjonale Aichi-måla for naturmangfold innan 2020. Éin million av anslagsvis åtte millionar dyre- og plantearter i verda er trua av utrydding. Utrydding av artar skjer no i eit mykje raskare tempo enn før (mellom ti og hundre tusen gangar fortare), og årsakene er hovudsakelig menneskeskapte. Ifølge Naturpanelet utgjør endra arealbruk, t.d. i form av nedbygging, oppdyrking eller meir intensiv utnytting av område, ein større trussel mot verdas naturmangfold enn både overbeskatning, klimaendringar, forurensing og spreining av framande artar.

FNs bærekraftsmål

Surnadal kommune har allereie bestemt at vi skal legge FNs bærekraftsmål til grunn i all samfunns- og arealplanlegging. Figuren nedanfor viser ein måte å forstå bærekraftsbegrepet på, med tre dimensjonar: miljø, økonomi og sosiale forhold. Desse dimensjonane må sjåast i samanheng og ikkje sektorisert. Det er uansett ikke mulig å sikre den sosiale eller økonomiske dimensjonen, hvis vi ikke ivaretar livsgrunnlaget vårt, naturen. Bærekraftsmåla innafor klima og miljø utgjør derfor ein grunnleggande bærebjelke nederst i figuren. Å bevare natur på land og i vatn (mål 14 og 15) og å motvirke klimaendringane (mål 13) er derfor viktige oppgåver for kommunen i framtida.



Illustrasjon frå FN- sambandet

Nasjonale miljømål

[Norge har 24 mål for miljø](#). Utviklinga målast ved bruk av miljøindikatorer. [Dei nasjonale måla for naturmangfold](#) er:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal forbetrast.
- Eit representativt utvalg av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.



Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 – 2024

[Fylkesplanen](#) er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også bidra til godt samarbeid og samhandling i fylket. Fylkesplan 2021 – 2024 er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål.

Miljø er eit av 4 utviklingsmål i fylkesplana, og ambisjonen er at Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr.1 i landet.

Målet innanfor forvaltning av naturmangfold er:

- Ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

Kommunale målsettingar

I samfunnsdelen til kommuneplana for Surnadal kommune vedtatt i 2020 blir naturmangfaldet omtala slik:

«Den andre viktige miljøutfordringa er stans i tap av naturmangfaldet. Naturmangfaldet både på land og i vatn er under press og stadig forsvinn artar frå naturen rundt oss. Surnadal kommune har eit variert og rikt biologisk mangfald med fleire trua artar og naturtypar. Kommunen har eit ansvar for å ta vare på dette. Måten vi utnyttar areal- og naturressursane er viktig for å stanse denne utviklinga.»

Naturmangfald er eit gjennomgåande tema som skal vurderast ved all kommunal planlegging og forvaltning der naturverdiar inngår. Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald inngår ikkje i kommunal planstrategi for inneverande periode, men vart vedtatt av eit einstemming kommunestyre i desember 2020. Kommunens politkar- og innbyggjarutvalet for biologisk mangfald har også foreslått at det blir utarbeidd slik plan.



2.3 Sentrale lovverk

Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruken i kommunen er [plan- og bygningsloven](#). Loven skal sikre samordning og avveining av samfunnsinteresser. Kommunen må ivareta nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanleggingen. I arealplaner skal kommunen legge premisser for å ta omsyn til klima, natur- og friluftsområde og miljøkvalitetar.

[Naturmangfoldloven](#) er eit anna viktig virkemiddel vi har for å ta vare på naturmangfold i Norge. Loven gjeld for alle sektorar som forvalter naturmangfold eller tar beslutningar som har konsekvenser for naturmangfold. Aktivitetar som i utgangspunktet blir regulert av anna lovgiving skal vurdere saken etter miljøprinsippene frå naturmangfoldloven, og vurderinga skal gå fram av beslutninga.

Det er fleire andre relevante lover og forskrifter i tillegg til dei nemnt ovanfor. Nokre eksempel er: vassforskrifta, forskrift om utvalgte naturtypar, viltlova, laks- og innlandsfiskeleva, jordlova, lov om skogbruk m.m.

2. Utviklingstrekk og utfordringar

Surnadal kommune har eit areal på 1366 km² og har pr. 2. kvartal 2021 5864 innbyggjarar. Prognosane tilseier nedgang i folketalet. Når nedbygging av natur / endra arealbruk er den største trusselen mot naturmangfaldet er forventna etterspørsel etter nytt areal eit sentralt spørsmål. Med forventna nedgang i folketalet er utbyggingspresset i Surnadal generelt lavt, med unntak av i Nedre Surnadal. Her er det grunn til å tru at det dei nærmaste tiåra blir ein viss etterspørsel etter nytt areal til både bustad- og næringsformål. Noko av strandsona i kommunen er nedbygd, og det er eit særleg press på strandsona i nedre Surnadal.

Dette er dei største truslane mot at vi skal oppretthalde natur og robuste økosystem:

- Arealendringar
- Klimaendringar
- Forureining
- Framande artar
- Overbeskatning

Kjelde: Sabima



3. Organisering av arbeidet, planprosess og medverknad

4.1 Organisering av planarbeidet

Eining for areal- og naturforvaltning vil være ansvarleg for å utarbeide kommunedelplan for naturmangfold.

Styringsgruppe er hovedutval for miljø, areal og teknikk.

Arbeidsgruppe består av miljøvernleiar Bodil Gjeldnes, konsulent landbruk Elin Moen Lysø. Skogbrukssjef Tore Gjul og einingsleiar Håvard Stensønes. Andre tilsette i kommunen kan koblast inn etter behov.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil være referansegruppe. Denne funksjonen vil være ei form for «kvalitetssikring» og skal mellom anna gi innspel slik at prioriteringane i plana faktisk imøtekjem det vi ønsker å oppnå.

Ved behov må kjøp av konsulenttenester vurderast.

Arbeidsgruppa må ha god dialog med kommunens politiker- og innbyggjarutval for biologisk mangfold, og vektlegge tema utvalet har arbeidd med og vil arbeide vidare med. Utvalet skal i første omgang fungere ut 2021.

Også våre nabokommunar Sunndal og Tingvoll skal lage kommunedelplan for naturmangfold med same tidshorisont. Det er allereie oppretta eit samarbeid med desse på dette området.

4.2 Planprosess og medverknad

Plana skal utarbeidast som ei tematisk kommunedelplan og skal følge krava i plan- og bygningsloven, jf. § 11-1.

Planprogrammet vil være grunnlag for vedtak av plana i kommunestyret og det vidare planarbeidet. Gjennom å sende planprogrammet på høyring, ønsker vi å få innspill til plana og korleis berørte partar kan delta i arbeidet.

Planlagt framdrift

PROSESS	FORVENTA FRAMDRIFT
Utkast til planprogram blir utarbeidd	August – september 2021
Vedtak om varsel av planoppstart og utlegging av forslag til planprogram til offentlig ettersyn	1. oktoberber 2021 Utval: Hovedutval for miljø, areal og teknikk



Høyringsperiode – forslag til planprogram	Oktober - november 2021
Fastsette planprogram	Desember 2021 Utval: Kommunestyret
Utarbeide forslag til kommunedelplan	Januar 2022 – august 2022
Høyringsperiode forslag til kommunedelplan	September – oktober 2022
Sluttbehandling og vedtak av kommunedelplan	November - desember 2022 Utval: Kommunestyret

Medverknad

Ved å sende planprogrammet ut på høyring og kunngjere planoppstart, gir vi muligheita til å komme med innspel til kva plana bør innehalde, samt korleis ein ønsker å medvirke til plana. Mens forslag til kommunedelplan er ute på høyring er det aktuelt å ha informasjons- og medverknadsmøte for aktuelle myndigheiter, interesseorganisasjonar, grunneigarar og andre berørte partar. Medverknad frå barn og unge skal ivaretakast med involvering av ungdomsrådet i tillegg til barn sin representant i plansaker. Medverknad og uttalar frå andre kommunale råd/utvalg er også aktuelt. Innbyggjarane skal gis muligheit til aktiv medverknad i arbeidet med kommunedelplanen, for eksempel ved innspelsmøter. For å nå innbyggjarane skal sosiale media brukast aktivt.